

# Protokoll frå styremøtet i Språkrådet 13. september 2007

*Til stades:* Ola Breivega, Jan Olav Fretland, Tor Fuglevik, Ottar Grepstad, Silje Solheim Karlsen, Magni Øvrebotten (S 7.1– S 7.4) og Tora Aasland  
*Frå sekretariatet:* Klara Bøe (administrasjonssjef), Sylfest Lomheim (direktør), Eilov Runnestø (rådgjevar)  
*Møtestad:* Språkrådet, Observatoriegata 1 B, Oslo  
*Møteleiar:* Aasland  
*Referent:* Runnestø  
*Møtetid:* Kl. 14.00–18.00

## *Sakliste:*

### Vedtakssaker

- S 7.1/07 Protokoll frå styremøtet 3. mai 2007
- S 7.2/07 Rekneskap per 31. juli 2007
- S 7.3/07 Revisjon av rettskrivinga for nynorsk
- S 7.4/07 Språkdagen 2008 og mangfaldsåret
- S 7.5/07 Budsjettmøtet i departementet i juni (gjord til vedtakssak på møtet)

### Informasjonssaker

- S 8.1/07 Verksemdsplanen, status
- S 8.2/07 Budsjettmøtet i departementet i juni (gjord til vedtakssak på møtet)
- S 8.3/07 Personalsaker
- S 8.4/07 Slutføring av omdanninga av Språkrådet; status og informasjonsmappe
- S 8.5/07 Rapport frå fagråda, fagrådssekretærar er tilsette
- S 8.6/07 Orientering om språkpriskomiteen
- S 8.7/07 Høyringsfråsegn om NRK-plakaten
- S 8.8/07 Språkrådsoppgåver i samband med mangfaldsåret
- S 8.9/07 Annan informasjon

### Eventueltsaker

Fuglevik ville ta opp korleis Språkrådet kan koma i gang med den utetterretta verksemda. Det vart drøfta under sakene 7.2/07 og 7.5/07.

## **Vedtakssaker**

S 7.1/07 Protokoll frå styremøtet 3. mai 2007

**Sakspapir:** Den førebelse protokollen frå maimøtet

**Vedtak:** *Styret godkjende den framlagde protokollen.*

### **Føring av vedtak i protokollen**

I samband med protokollering av vedtak hadde styremedlem Breivega før møtet meldt dette framlegget til leiaren:

”Alle vedtak styret gjer, skal liggja føre i endegyldig skriftleg form før vedkomande møte blir heva.” Han peikte på at det etter møta hadde vore tvil om kva vedtak innebar, og at det kan forseinka prosessen med å setja vedtaka ut i livet. Han hadde støtte i framlegget frå den andre tilsettrepresentanten, Jan Hoel.

Dei andre styremedlemmene såg framlegget som eit varsku om at det er viktig å ta tid til intern avklaring om vedtaka. Men det var semje om at med avgrensa møtetid og prinsipielle vurderingar å ta stilling til bør det overlatast til styreleiaren og sekretariatet å forma ut vedtaka.

**Vedtak:** *Framlegget vart avvist mot éi røyst (Breivega).*

### **S 7.2/07      Rekneskap per 31. juli 2007**

**Sakspapir:** Rekneskapen per 31. juli 2007  
Kommentarar til rekneskapen

Rekneskapen var i budsjettbalanse, og styret sa seg nøgd med detaljeringnivået.

Ut frå drøftinga av S 7.5/07 (sjå nedanfor) bad styret om at sekretariatet omdisponerer bruk av ledige midlar. Strategidokumentet *Norsk i hundre!* har vore for svakt forankra i budsjettsøknader og planarbeid dei siste åra. Styret ynskjer å bryta ned dokumentet til ein brukarstrategi for alt budsjettarbeid i framtida, slik at det blir det overordna hjelpemidlet i planleggingsprosessen som det var tenkt å vera. Språkrådet kan måtta skaffa pådrivarkraft utanfrå for å få utvikla ein slik brukarstrategi, men samstundes må midlar setjast inn for at informasjonssjefen kan byrja arbeidet med ein ekstern og ein intern infoplan.

**Vedtak:** *Ledige midlar blir, i samsvar med framlegget frå sekretariatet, brukte til ombygging av kontorlandskap og til aktivitetar i fagråda. Dessutan blir dei midlane som er nødvendige, sette av til å operasjonalisera strategien i Norsk i hundre! Det blir sett av 50 000–100 000 til informasjonsarbeidet frametter hausten.*

*Styret tok elles rekneskapen til etterretning.*

### **S 7.3/07      Revisjon av rettskrivinga for nynorsk**

**Sakspapir:** Notat frå Sylfest Lomheim 5. september 2007  
Artikkelen ”Aldri har så mange skrive så mykje for så lite ...?” av Jan Olav Fretland i Gunnstein Akselberg og Johan Myking (red): Å sjå samfunnet gjennom språket (Novus forlag 2007)  
Artiklane ”Ei nynorsknorm som skal vara i tiår?” av Eilov Runnestø og

”Forslag til ny bokmålsnorm” av Vagleik Leira i *Språknytt* nr. 1–2/2003

Styret hadde ein brei debatt i saka, men det var semje om at den store prinsipielle drøftinga ikkje trongst. Språkrådet må gjera det lettare for folk å vera nynorskbrukarar. Eit komplisert system er ikkje demokratisk. Dei som har opplæring i nynorsk, og især dei som har norsk som sidemål, må få læra ei enklare norm.

**Vedtak** (samrøystes):

*Under føresetnad av godkjenning frå Kultur- og kyrkjedepartementet gjer styret dette vedtaket:*

*1 På grunnlag av utgreiinga om nynorsknorm i 2003 set styret i gang arbeidet med å laga ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer.*

*Denne nye norma skal vera eit tilbod til alle som ynskjer å skriva korrekt nynorsk, og ho skal gjelda for alle som pliktar å skriva innanfor ei norm.*

*2 Målet er å etablera ei norm som gjer det lettare å vera nynorskbrukar, som er tydeleg for alle som bruker nynorsk som sidemål, og som er stabil over tid.*

*3 Breitt talemålsgrunnlag, mykje brukte former og ord, geografisk spreining og skriftspråktradisjonar er blant dei viktigaste faktorane som skal balanserast i den nye norma.*

*4 Fagrådet for normering og språkoobservasjon, saman med sekretariatet, får i oppdrag å planleggja og å følgja opp prosessen, innanfor dei retningslinjene som styret gjev. Fagrådet gjer framlegg om samansetjinga av den gruppa som skal stå for sjølvbeid. I den gruppa kan det vera personar frå fagrådet, og det bør vera med ein nynorskrådgjevar frå sekretariatet. I gruppa skal det dessutan vera representantar frå målrørsla, forvaltninga, utdanningssektoren, forlagsbransjen og medieområdet. Fagrådet foreslår òg sekretær for gruppa.*

*5 Styret bed om forslag til arbeidsplan og framlegg om prosjektgruppe innan 15. desember i år.*

*6 Styret legg vekt på å få ein open og inkluderande prosess.*

*7 Styret tek sikte på å gje endeleg tilråding til departementet våren 2009.*

**S 7.4/07**      Språkdagen 2008 og mangfaldsåret

**Sakspapir:**    Notat frå sekretariatet 20. august 2007

**Vedtak:**        *Styret peiker ut fagråd 2 (fagrådet for skule og offentleg forvaltning) til å ha ansvar for å utarbeida program til og å arrangera Språkdagen 2008.*

**S 7.5/07**      Budsjettmøtet i departementet i juni (overført frå informasjonssak S 8.2/07)

**Sakspapir:**    Innbyding frå Kulturdepartementet 19. juni 2007 til budsjett- og etatsstyringsmøte

Referat frå departementet om budsjettmøtet 26. juni 2007 med Språkrådet

Brev frå Kulturdepartementet 3. juli 2007 om oppfølging av budsjettmøtet

Brev til departementet 27. august 2007 om oppfølging

Referatet frå budsjettmøtet omtalar spørsmål som går inn på styringsdialogen mellom Språkrådet og departementet. I oppfølgingsbrevet etterlyser departementet m.a. ei intensivering av tilsynsarbeidet knytt til mållova og ein meir systematisk planprosess. Det er for svak forankring mellom strategidokumentet *Norsk i hundre!* og budsjettet. Jamfør behandlinga av S 7.2/07 Rekneskap per 31. juli 2007.

**Vedtak:** *Styret ved leiaren tek initiativ til eit oppfølgingsmøte mellom leiaren og direktøren i Språkrådet og departementet, der ein tek opp spørsmål som kjem fram i brev og referat.*

## **Informasjonssaker**

S 8.1/07 Verksemdsplanen, status

**Sakspapir:** Verksemdsplanen for 2007, oppdatert per 1. september

Styret tok saka til etterretning og bad elles om at verksemdsplanen seinare skal ha ei framside som viser avviksrapportering.

S 8.2/07 Budsjettmøtet i departementet i juni (overført til S 7.5/07)

S 8.3/07 Personalsaker

**Sakspapir:** Protokoll frå tilsetjing av informasjonssjef  
Curriculum Vitae for informasjonssjefen  
Utlysingstekst for stilling som rådgjevar/seniorrådgjevar

Svein Arne Orvik er tilsett som informasjonssjef i Språkrådet og byrjar 4. oktober 2007.

Ola Breivega, språktenesta i staten, har sagt opp stillinga si frå 1. oktober. Stillinga er lyst ut.

Styret tok sakene til orientering.

S 8.4/07 Slutføring av omdanninga av Språkrådet, status og informasjonsmappe

**Sakspapir:** Utkast til informasjonsmappe frå sekretariatet, 30. august 2007

Etter planen skal informasjonssjefen laga ei mappe for dei tilsette og for styret om organiseringa av Språkrådet.

Styret tok saka til orientering.

S 8.5/07 Rapport frå fagråda, fagrådssekretærar er tilsette

**Sakspapir:** Frå fagråd 1: referat frå møte 10. mai, 11. juni og 20. august;  
søknad om støtte til Fritt Ord 22. mai  
Frå fagråd 2: førebels referat frå møte 8. juni

Det var ingen kommentarar til sakspapira, og styret tok saka til orientering.

S 8.6/07 Orientering om språkpriskomiteen

Språkpriskomiteen vart oppnemnd på styremøtet i mai. Juryleiar er Ove Eide. Komiteen sender etter møte 11. oktober innstilling til styret. Språkprisen skal delast ut på Språkdagen 15. november.

Styret tok saka til etterretning.

S 8.7/07 Høyringsfråsegn om NRK-plakaten

Høyringsbrev 18. mai 2007 frå Kultur- og kyrkjedepartementet om allmennkringkastingsplakat for NRK

Brev av 31. august til Kultur- og kyrkjedepartementet om allmennkringkastingsplakaten for NRK

Høyringsfråsegna frå Språkrådet har ikkje vore behandla som vanleg styresak, men medlemmene har hatt fråsegna til gjennomsyn ved e-post.

Styret tok saka til etterretning.

S 8.8/07 Språkrådsoppgåver i samband med mangfaldsåret

Brev frå Kultur- og kyrkjedepartementet 23. juni 2007

Brev frå Språkrådet 16. august 2007

Språkrådet har førebels meldt tre saker til departementet i samband med mangfaldsåret:

- brev til likestillings- og diskrimineringsombodet om samarbeid
- eit samarbeidsprosjekt med barneombodet når den nye operaen blir opna
- Språkdagen 2008 er vigd til språkleg mangfald

Styret tok saka til orientering.

S 8.9/07      Annan informasjon

- Arbeids- og inkluderingsdepartementet har utarbeidd ei rettleiing for dei tilsette i språkbruk på innvandringsfeltet. Språkrådet har levert grunnlagsmateriale til dokumentet.
- Det nordiske språkmøtet vart halde i Uppsala 6.–9. september, emnet var stadnamn og personnamn i Norden.
- Universitetet i Oslo har løyvd 100 000 kr til oppdatering av fullformsordlistene i Norsk ordbank (jf. S 4.4/07), og arbeidet er i gang.
- I sekretariatet blir det vald tilsettrepresentant til styret etter Ola Breivega.
- Medarbeidarsamtalane i sekretariatet er førte til endes.
- Kunnskapsforlaget og Språkrådet er i ferd med å gjera avtale om å gje ut bok om kvalitetssikring av språket i staten.
- Språkrådet har gått inn i samarbeid med Fornyings- og administrasjonsdepartementet om eit forenkla språk i staten.
- Den europeiske samarbeidsorganisasjonen for språknemnder, EFNIL, har årskonferansen sin i Riga i november. Tema er språkpolitikken i dei ulike landa.

Oslo, 22. november 2007

Magni Øvrebotten  
fungerande leiar

Sylfest Lomheim  
direktør